

Mykje loddelarver i Barentshavet


Det er produsert store mengder loddelarver i Barentshavet i år. Dette er hovudkonklusjonen etter Havforskningsinstituttets forskingsfartøy "Michael Sars" avslutta det årlege loddelarvetoktet 27. juni.

Sjølv om overslaget på vel 19 tusen milliardar larver berre er vel halvparten så høgt som det ein fann i 1999, er dette det nest meste ein har funne i perioden 1981 til 2000. Det er nesten tre gonger så høgt som gjennomsnittleg overslag i heile perioden.

Under årets loddelarvetokt vart mengde og utbreiing av loddelarver kartlagt langs kysten frå Andenes til aust av Vardø. Diverre fekk ikkje fartøyet tilgang til områda i russisk økonomisk sone sør for 71 N. Difor var det ikkje mogeleg å kartleggje austgrensa for larveutbreiinga.

Truleg er det produsert noko meir loddelarver enn dette overslaget viser.

Det høge talet på loddelarver i juni viser at gytinga har vore vellukka og at grunnlaget for ein rik årsklasse er til stades. Det er likevel heilt umogeleg å sei kor mange av desse larvene som overlever larvestadiet, og om 2000 årsklassen vil verta talrik eller ikkje. Ein første peikepinn vil ein få under årets 0-gruppetokt i slutten av august, men også under det toktet er norske forskingsfartøy nekta tilgang til russisk økonomisk sone.



Loddelarveindeks (10⁻¹²)

Årets loddelarvetokt gir positive signal. Årets loddelarveindeks er den nest beste som er registrert sidan 1981. Det viser resultatane frå årets loddelarvetokt i Barentshavet i juni.

Først når yngelen har overlevd i halvtanna år og vert målt akustisk om hausten, får ein eit sikkert mål for årsklassestyrken. Styrken på 1999-årsklassen, som syntes svært lovande under yngeltokta i fjor, får vi altså eit første mål på under det akustiske toktet i september-oktober 2000. Styrken på 2000-årsklassen vil først syne seg i september-oktober neste år.

FAKTA

Lodde (*Mallotus villosus*)

Gyteområde: På kysten av Nord-Troms, Finnmark og Kola

Oppvekstområde: Barentshavet

Beiteområde: Frå Svalbard og austover i Barentshavet

Alder ved kjønnsmodning: 2-4 år

Blir sjeldan meir enn 20 cm lang og eldre enn 5 år

Kontaktperson: Harald Gjøsæter, Havforskningsinstituttet, Postboks 1870 Nordnes,
N-5817 Bergen. Tlf: +47 55 23 85 00. Faks: +47 55 23 85 31.
E-post: harald.gjoesaeter@imr.no